

Referat SMU-FAU møte

Dag: Tysdag 03.02.2026

Tid: 17:30-19:00

Stad: Personalrom ungdomsskulen

Oppfølging saker frå forrige møte

- Samle inn penger til brettspel til ungdomsskulen frå lokalt næringsliv, og kjøpt inn spel er gjennomført.
- Prioritere midlar frå kommunen til vedlikehald av klasserom osv. Snakk om å avvente litt med vedlikehald på dugnad etter eige initiativ, då det er kommunen si oppgåve å halde bygga. Var stemning for å male klasserom for det estetiske/trivselen sin del. Skal avvente litt med tanke på tilsyn som kjem snart.
- Felles foreldremøte – finne nokon som kan halde foredrag/snakke om barn og skjermbruk og AI/KI. Skal komme ein rettleiar med same tema, som kan takast med i møtet. Møtet blir truleg i mai.
- Trafikktrygging ved T'en vart søkt om. Resulterte i avslag på søknaden med begrunnelse i at det ikkje kan etablerast gangfelt i ei 60-sone. Etter ei trafikkfagleg vurdering kan dei ikkje sjå at forholda er slik at dei vil endre fartsgrensa der heller. Vurderinga var ikkje eit vedtak, så då går det heller ikkje an å klage. Blir å følge med på kva kommunen får som tilbakemelding ved sak om stupetårn ved T'en, om det blir noko endring der då.

Tilbakemelding i høve elevundersøking (Udir, Sepu)

- Elevrådsak: Litt hærverk på toaletta, der dei då har hatt tiltak som har fungert.
- Elevundersøking: elevane melder om god trivsel. Slit litt med motivasjon, men dette er eit veldig vanlig resultat nasjonalt. Låge mobbetal.

Høyring skuleruta

Ingen kommentarar frå møte ved gjennomgang av skuleruta. Høyringsfristen er fredag 06.02. Snakk om at dei tilsette ville prøve og få flytta ein planleggingsdag.

Ymse

- Ønske om kalender som syner kva årstrinn som har kva aktivitet for innsamling til kassetur i 10. klasse. Så slepp ein at fleire vil ha same aktivitet samtidig, og at det blir usemje om dette. Oversikt over kva som er ledig til ei kvar tid. FAU kan legge fram eit forslag til kalender.
- Klassekonto: Iselin Sunde er administrator for klassekontoar. Klassekontakter kan kontakte ho for oppretting av konto. Desse kontoane er primært til kassetur i 10. klasse.
- Har vore periodevis veldig glatt ved dropp/hentesone nedanfor brua ved skulen. Har vore/kan blir skumle situasjonar. Er behov for tiltak. Rektor ville ta dette vidare.

Neste møte er sett til 14. april.

Ref. Karina Hugøy Fischer